SELSKAPSAVTALE for Sunnfjord Miljøverk IKS

Heimel: **LOV 1999-01-29 nr 06: Lov om interkommunale selskaper**

I medhald av § 4, er folketalet pr. 01.01.2008 oppgitt av SSB lagt inn 22.februar 2008(publiseringsdato)

SELSKAPSAVTALE for Sunnfjord Miljøverk IKS 1
Selskapsavtalen er vedteken i Representantskapet: 04. april 2003 2
Selskapsavtalen er gjeldande frå og med 01.01.04, frå same dato trer selskapsvedtektene for Sunnfjord Miljøverk med heimel i Kommunelova § 27, ut av kraft. 2
Vedtak i kommunane 2
§1 Selskapets firma og deltakarane 2
§2 Formålet med selskapet er: 2
§3 Selskapsleiing 2
§ 4 Representantskapet 3
§4.1 (Medlemmer) 3
§4.2 (Årsmøte) 3
§4.3 (Vedtak – møteleiar) 3
§4.4 Innkalling til møte i representantskapet 4
§5 Representantskapets mynde - oppgåver 4
§6 Styret 4
§ 6.1.1 (Styret, tal medlemmer i høve folketal, vara) 4
§ 6.1.2 (Medlemstal – endring kvart 4. år) 4
§ 6.1.3 (Medlemstal ved endra kommunestorleik) 5
§6.2 (Innkalling møte) 5
§6.3 (Vedtaksført) 5
§6.4 (Protokoll) 5
§6.5 (Mynde) 5
§7 Finansiering - økonomi 5
§8 Gebyr - betalingssatsar 6
§9 Avrekning mellom kommunane - selskapet 6
§10 Nye medlemmer 6
§11 Oppseiing medlemsskap 6
§12 Klageutval 6
§13 Endring i selskapsavtale 7
§14 Tvist 7

Selskapsavtalen er vedteken i Representantskapet: 04. april 2003

Selskapsavtalen er gjeldande frå og med 01.01.04, frå same dato trer selskapsvedtektene for Sunnfjord Miljøverk med heimel i Kommunelova § 27, ut av kraft.

Vedtak i kommunane

Selskapsavtalen er vedteken i kommunane	Vedtaksdato og nummer	Avløyser tidlegare vedtak:
Gaular	03.09.03 sak 39/03	19.12.96/K101/96
Hyllestad	13.05.03 sak 45/03	16.12.96/113/96
Askvoll	10.04.2003 sak K 15/03	13.12.96/K92/96
Jølster	17.06.03 sak 0043/03	17.12.96/K76/96
Naustdal	12.06.03 sak 24/2003	19.12.96/128/96
Fjaler	06.05.2003 sak 0030/03	17.12.96/72/96
Førde	19.06.03 sak 035/03	11.12.96/66/96

§1 Selskapets firma og deltakarane

Selskapets firma er Sunnfjord Miljøverk IKS.
Dei deltakande kommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal
Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.
Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

§2 Formålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning
3. Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg
4. Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samanheng med drifta.
5. Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.
   Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.
   Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

§3 Selskapsleiing

Selskapet vert leia av eit representantskap og eit styre. Representantskapet er selskapet sitt øverste organ. Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.
Medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

§ 4 Representantskapet

§4.1 (Medlemmer)

Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune har ein representant pr. 2.500 innbyggarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vere 2 representantar uansett innbyggartal
Ein får følgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal	**Medl.i repr.skap**
0 - 2500	2
2500 - 5000	2
5000 - 7500	3
7500 - 10000	4
10000 - 12500	5
12500 - 15000	6
15000 - 17500	7
17500 - 20000	8

Og så vidare etter same mønster

Utgangspunktet er folketalet i kommuneval-år, med basis i folketalet pr. 1.1.2004.
Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gang 01.01.2008 og ved opptak av nye medlemskommunar eller ved endringar i eigarkommunane.

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2008 (Kjelde Statistisk Sentralbyrå m.o.t. folketal):

Kommune	Folketal	Fordeling	**Medl.repr.skap**
	01.01.08	%	
1413 Hyllestad	1505	5,49	2
1428 Askvoll	3065	11,18	2
1429 Fjaler	2849	10,39	2
1430 Gaular	2748	10,02	2
1431 Jølster	2929	10,68	2
1432 Førde	11650	42,50	5
1433 Naustdal	2668	9,73	2
	27414	100,00	17

Ved endring i kommunestorleik, skal folketalet i den/dei nye kommuneeininga(ne) leggast til grunn. Representantskapsmedlemmer som skal representere den nye / endra kommuneeininga, skal utpeikast før første ordinære representantskapsmøte, eller før ekstraordinært representantskapsmøte. Deretter skal talet på representantskapsmedlemmer baserast på folketalet: 01.01.2004, 01.01.2008, 01.01.2012 osv.

§4.2 (Årsmøte)

Representantskapet kjem saman minst ein gong i året; Årsmøte skal haldast seinast innan utgangen av april månad. Det vert vist til Lov om interkommunale selskaper § 8

§4.3 (Vedtak – møteleiar)

Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene er til stades.
Representantskapet sin leiar er møteleiar, i dennes fråver er nestleiar møteleiar. Når begge har forfall, vel representantskapet ein av dei andre medlemmene til ordstyrar.
Ved val, tilsetjingar, røysting og spørsmål om inhabilitet gjeld kommunelova sine reglar, jf "Lov om interkommunale selskaper § 15".

§4.4 Innkalling til møte i representantskapet

Representantskapets leiar innkallar til møte i representantskapet når det er nødvendig for behandling av ei sak som etter loven eller selskapsavtalen skal behandlast av representantskapet, og når det ellers er nødvendig for behandling av ei bestemt sak. Representantskapets leiar pliktar å innkalle representantskapet til møte når styret, revisor, minst ein av deltakerne eller minst ein tredel av representanskapets medlemmer krev det for behandling av ei bestemt oppgitt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal skje med minst fire vekers varsel og skal innehalde sakliste. Dei enkelte deltakarane skal med same frist varslast om innkallinga og saklista.

Representantskapets leiar kan innkalle representantskapet med kortare frist i tilfelle når dette er påtrengande nødvendig.

§5 Representantskapets mynde - oppgåver

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtale
I årsmøtet skal representantskapet handsame desse sakene:
- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Fullmakter til styret.
- Val av leiar og nestleiar i representantskapet (annankvart år)
- Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret (kvart 4. år).
- Val av leiar og nestleiar til styret. (kvart 2. år).
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av godtgjersle til representantskap og styre.

Dessutan skal representantskapet handsame:
- Styret sitt framlegg til langtidsbudsjett / økonomiplan og budsjett for neste driftsår.
- Framlegg frå styret om opptak av lån og pantsetjing av selskapet sin eigedom.
- Endring av selskapsavtalen i samsvar med § 13.
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

Det vert elles vist til ”Lov om interkommunale selskaper” §9

§6 Styret

§ 6.1.1 (Styret, tal medlemmer i høve folketal, vara)

Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

Folketal	Medl.i styret
0 - 10000	1
10000 - 15000	2
15000 - 20000	3
20000 - 25000	4

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

§ 6.1.2 (Medlemstal – endring kvart 4. år)

Med tilvising til § 4.1, skal fastsetjing av talet på styrerepresentantar, skje med bakgrunn i folketalet kvart 4. år; Første fastsetjing etter folketalet pr. 1.januar 2004, vidare: 01.01. 2008, 01.01.20012, 01.01.2016 og så vidare.

§ 6.1.3 (Medlemstal ved endra kommunestorleik)

Ved endring i kommunestorleik, skal folketalet i den/dei nye kommuneeininga(ne) leggast til grunn. Styrerepresentantar som skal representere den nye / endra kommuneeininga, skal veljast enten på første ordinære representantskapsmøte, eller på ekstraordinært representantskapsmøte. Deretter skal talet på styrerepresentantar baserast på folketalet nemnt i § 6.1.2.

§6.2 (Innkalling møte)

Styrets leiar sørgjer for at styret held møte så ofte som det trengst. Medlem av styret og dagleg leiar kan krevje at styret vert samankalla. Om styret ikkje for det enkelte tilfelle avgjer noko anna, har daglig leder rett til å vere til stades og til å uttale seg på styremøta.

Styrets leiar innkallar til styremøte. Innkallinga skal skje med rimeleg varsel og skal, så langt mogleg, innehalde ei sakliste utarbeida av styreleiaren.

§6.3 (Vedtaksført)

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne røystene. Vel likt røystetal har møteleiaren dobbelrøyst med unntak av val.

§6.4 (Protokoll)

Det skal først protokoll frå styremøtet. Protokollen skal underskrivast av samtlege styremedlemmer som er til stades. Styremedlem eller dagleg leiar som er ueinig i styrets avgjerd, kan kreve å få si oppfatning innført i protokollen..
Innkalling, sakliste og møteprotokoll skal sendast til medlemskommunane. Leiaren av styret og ein styremedlem pliktar selskapet i fellesskap.

§6.5 (Mynde)

Styret skal ha det mynde og ansvar som vert gjeve av representantskapet for å leie selskapet si verksemd.
Lov om interkommunale selskaper § 16 gir heimelen til selskapet sin representasjon:

Styret representerer selskapet utetter og teiknar firmaet.

Styret kan gi styremedlem eller dagleg leiar rett til å teikne selskapet sitt firma og kan bestemme at dei som har slik rett, må utøve han i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i saker som fell inn under dagleg leiar sitt mynde etter Lov om Interkommunale selskaper § 14.

Styret tilset og avset dagleg leiar og personellet elles. Styret kan gi dagleg leiar fullmakt til tilsetjing / avsetjing av personellet elles. For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiar eller styreleiaren.
Styret gir si innstilling i saker som skal føreleggast representantskapet.

§7 Finansiering - økonomi

Selskapet hadde ved stiftinga av Sunnfjord Miljøverk i 1993, ein interessekapital på kr 100.000, som vart fullt ut innbetalt av kommunane i høve til folketalet 1.1.1992.

Kapital til planlegging, utbygging og kjøp av utstyr vert skaffa ved kontanttilskot frå medlemskommunane, låneopptak og statstilskot. Selskapet sin eigedom kan pantsetjast ved låneopptak.
Medlemskommunane er ansvarleg for selskapet sine plikter i høve til prosentdelinga etter folketalet i §4.1.

Prosentsatsen for 2004 vert fastsett med basis i folketalet pr. 01.01.2004. Sidan vert prosentsatsane justert kvart 4.år, med basis i folketalet 01.01.2004 (01.01.08, 01.01.12 osv).

Selskapet kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr 41.600.000, jf "Lov om interkommunale selskaper" § 22.

§8 Gebyr - betalingssatsar

Dei årlege utgiftene for selskapet skal dekkjast av gebyr for dei ulike tenestene.

Kommunane betalar gebyr til selskapet for forbruksavfall/ hushaldningsavfall som vert henta ved den vanlege innsamlingsordninga i høve til talet på abonnentar pr. 1. januar kvart år. Kommunane skal arbeide for å oppnå 100% tilknyting til offentleg renovasjon.

Representantskapet kan gjere vedtak om at gebyret frå kommunane skal betalast etter vekt, volum eller på annan måte. I så fall må denne ordninga innførast frå same tidspunkt for alle kommunane.

Avfall som vert levert direkte til avfallsplassen av privatpersonar, verksemder, institusjonar osv., vert betalt direkte til selskapet av leverandørane i høve til vekt eller volum.
Betalingssatsar vert fastsette av styret, og av dagleg leiar etter styrets fullmakt.

§9 Avrekning mellom kommunane - selskapet

På grunnlag av vedteke budsjett, og abonnenttalet 1. januar betalar kommunane à-konto kvart kvartal etter rekning frå selskapet. Sluttavrekning på grunnlag av det faktiske abonnenttalet i året vert sendt ved utgangen av året.

Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypane.
Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom kommunane ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga.

Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.

§10 Nye medlemmer

Vedtak om opptak av nye medlemmer kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal.
Samtidig skal representantskapet fastlegge ny prosentdeling og representasjon i §4.
Nye medlemmer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarande verdi. Summen skal tilsvare den nye medlemen sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital.
Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§11 Oppseiing medlemsskap

Ein kommune kan med eitt års varsel seie opp medlemsskapet i selskapet og krevje seg utløyst frå dette. Det vert vist til Lov om interkommunale selskaper § 30

§12 Klageutval

Kommunane har oppretta eige klageutval for endeleg handsaming av klager i høve til forskrifter for slamtøming og renovasjon. Klageutvalet er endeleg handsamings- og avgjerdsinstans, og vedtak i

utvalet er endeleg og kan ikkje påklagast vidare. Det vert vist til Lov om interkommunale selskaper, Kommuneloven, og Forurensnigsloven kapittel 11 med tilvisingar til Forvaltnigsloven.

Klageutvalet handsamar saker vedkommande renovasjon og slamtøming.
Medlemmene i klageutvalet føl kommunestyrebolkane slik at nytt kommunestyre snarast råd vel medlemmer til klageutvalet.

Klageutvalet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik:

Folketal	Medl.i klageutvalet
0 - 10000	1
10000 - 15000	2
15000 - 20000	3
20000 - 25000	4

Klageutvalsmedlemmene skal ha personlege varamedlemmer

Kommunestyret i den enkelte kommune vel representant(ar) og vararepresentant(ar).

Så snart klageutvalsmedlemmene er valde, innkallar SUM til første klageutvalsmøte. I dette møtet konstituerer klageutvalet seg, og vel leiar og nestleiar. I det etterfølgjande arbeider klageutvalet etter same prinsipp som styret, jamfør §§ 6.2, 6.3 og 6.4., jamfør §§ 6.1.2 og 6.1.3 ved endringar i kommunane.
Representantskapsleiaren, styreleiaren og dagleg leiar har møterett og talerett, men ikkje stemmerett, og skal inviterast til klageutvalsmøta.
Rådmannen / administrasjonssjefen i den kommunen der klagaren har eigedommen som vedkjem klagen, førebur saka for klageutvalet. SUM sender sakene til utvalet.

Saklista til klageutvalsmøte skal sendast til medlemskommunane og styremedlemmene samt leiaren i representantskapet. Alle vedtak gjort av klageutvalet, skal sendast til dei klagen gjeld, kommunane, styret og leiaren for representantskapet.

§13 Endring i selskapsavtale

Det vert vist til ”Lov om interkommunale selskaper” § 4

§14 Tvist

Tvist om tolking av selskapsavtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i tvistemålslova.